



Arkivsaknr: 2024/6495-2
Sakshandsamar: Tove Mette Arnø Fyllingen
Avdeling: Politisk sekretariat

SAKSFRAMLEGG

Sommarfullmakt ordfører

Utvalssak	Utval	Møtedato
	Formannskapet	
	Kommunestyret	

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

- Med heimel i kommunelova § 6-1 gjev kommunestyret ordfører (eller varaordfører i ordførar sitt fråver) delegert mynde til å ta avgjerd i saker som haster og som ikkje er av prinsipiell betyding i kommunestyret sin sommarferie (sommarfullmakt)
- Dersom saka gjeld eit ansvarsområde eit anna utval har vedtaksmynde i, vil dette utvalet sin sommarferie avgrense delegert mynde.
- Ordfører skal etter ferien gje tilbakemelding i referatsak om bruk av sommarfullmakt til kommunestyret eller til det utval som har avgjerdsmunde.

Politisk handsaming

Saka skal til innstilling i formannskapet.

Saka skal avgjerast i kommunestyret

Kva saka gjeld:

- Denne saka gjeld sommarfullmakt for ordfører sommaren 2025.

Saksopplysningar:

Bakgrunn:

Kommunestyret og dei politiske utvala går inn i sommarferie, og det er ikkje planlagt politiske møter før i september 2025.

For å sikre at kommunen kan halde seg innan lovpålagte fristar i diverse forvaltningssaker og følgje opp saker som hastar, opnar kommunelova for å gje ordfører mynde til å gjera vedtak i enkeltsaker eller i saker som ikkje er av prinsipiell betyding jf. kommunelova § 6-1. Dette kallar ein gjerne ei sommarfullmakt til ordfører.

Ei sommarfullmakt til ordførar er avgrensa til å treffe vedtak i enkeltsaker eller i saker som ikkje er av prinsipiell betydning. Dersom saka gjeld eit ansvarsområde eit anna utval har vedtaksmynde i, vil dette utvalet sin sommarferie avgrense delegert mynde til ordførar. I første møte etter ferien skal ordførar gje tilbakemelding i referatsak om bruk av fullmakt til kommunestyret eller det utval som har avgjerdsmynde.

Vurdering:

For å sikre at forvaltninga kan arbeide på ein god måte gjennom sommarferien, og at kommunen kan halde lovpålagte fristar, rår kommunedirektøren til at ordførar (eller varaordførar i ordførar sitt fråver) får delegert mynde til å ta avgjerd i saker som haster og som ikkje er av prinsipiell betydning (somalmarfullmakt). I den politiske runden i september legg ordførar frå ei referatsak om bruk av sommarfullmakt til kommunestyret eller det utval som har avgjerdsmynde.